

Delta Bolig Prosjektering AS
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5073 - 21/51445

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
28.07.2021

Tilbakemelding vedkommande slokkevatn - gbnr. 322/218 Mjåtveit

Tiltak: Lagerbygning
Byggjestad: Gbnr: 322/218
Tiltakshavar: Lagerbygg Mjåtveit Næringspark 1 AS
Ansvarleg søkjar: Delta Bolig Prosjektering AS

Kommunen syner til uttale frå Alver kommune avdeling for veg, vatn, avløp og samferdsel, sjå vedlegg.

Det går fram av plan- og bygningslova (pbl.) §27-1 at bygning må oppfylle krav til forsvarleg tilgang til slukkevatn. Uttala frå VA-avdelinga syner at tilkopling på kommunalt vatn ikkje vil vere tilstrekkeleg for å dekkje krav til brannvatn. Dette inneber at det er naudsynt med ei eiga løysing for slokkevatn.

Vi ber dokumentasjon på korleis krav til slokkevatn etter pbl.§27-1 vil bli oppfylt. Denne dokumentasjonen er naudsynt før søknad kan takast til handsaming.

Kommunen ynskjer at det vert gjort meir greie for det som gjeld avkøyrse og tilkomst ut frå det som går fram av vedlagt uttale frå vegavdeling.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale, Forvaltning VVA - gbnr 322/218 Mjåtveit
Uttale frå veg - 322/218 - sak 21/6574 - avkøyrslø Mjåtveit industriområde

Kopi til:

Lagerbygg Mjåtveit Næringspark 1 AS	Mjukebakkane 8	5918	FREKHAUG
-------------------------------------	----------------	------	----------

Mottakarar:

Delta Bolig Prosjektering AS	Grøvlesvingen 29	5108	HORDVIK
------------------------------	------------------	------	---------